



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref. 11/189-79 Dykkar ref. Sakshandsamar Alf Olsen jr Direktenr 57 64 12 10 Arkiv K1-233 Dato: 07.01.2014

Omstillingsprogrammet i Lærdal – Årsrapport 2013 og Handlingsplan 2014 med søknad om midlar

Vedlagt følgjer årsrapport frå omstillingsarbeidet i Lærdal i 2013 og handlingsplan for 2014.

Lærdal kommune har hatt omstillingsstatus i 2012 og 2013, i samarbeid med Årdal kommune. Vi søker med dette om å få forlenga omstillingsstatusen med 2 nye år, for åra 2014 og 2015.

Med bakgrunn i vedlagt handlingsplan for omstillingsarbeidet i Lærdal, søker vi om kr 3.5 mill. i omstillingsmidlar for 2014. Vi søker i tillegg om overføring av unyttta omstillingsmidlar i 2012 og 2013, totalt kr. 2,7 mill., til 2014.

Handlingsplanen dannar grunnlaget for søknad om omstillingsmidlar for 2014. I tillegg til nye midlar, søker Lærdal kommune også om å få overført unyttta omstillingsmidlar for åra 2012 og 2013 til bruk i 2014. Årsrapporten for 2013 syner at mykje av året har gått med til å legge grunnlaget for omstillingsarbeidet, gjennom utarbeiding av samfunns- og næringsanalyse, utviklingsplan og handlingsplanar. Prosessen med å få på plass dagleg leiar for Lærdal Næringsutvikling, som også er prosjektleiar for omstillingsprogrammet, har samstundes teke lenger tid enn planlagt, og dette har ført til at vi er noko på etterskot med oppstart av ein del prosjekt i omstillingsplanen.

For detaljar vert synt til vedlagt årsrapport 2013 og handlingsplan 2014.

Med helsing

Alf Olsen jr
rådmann

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.01.2014	Omstillingsprogrammet i Lærdal_handlingsplan 2014	79771
07.01.2014	Omstillingsprogrammet i Lærdal_årsrapport 2013 (2)	79772